


# 13 STOPPE KLIMAENDRINGANE



## 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA

### **PLANPROGRAM FOR KLIMAPLAN VIK KOMMUNE 2023-2030**

Vedteke av kommunestyret, 23.6.2022

#velkomentilvik



## Innhald

1 Innleiing.....	3
1.1 Føremålet med planarbeidet .....	3
2 Rammer for arbeidet .....	4
2.1 Internasjonale føringar .....	4
FN sine berekraftsmål .....	4
Hovudrapportane frå FN sitt klimapanel (IPCC).....	4
Paris-avtalen.....	4
2.2 Nasjonale føringar .....	5
2.3 Regionale føringar.....	6
2.4 Kommunale føringar .....	7
3 Status og mål for klimaarbeidet i Vik kommune.....	8
3.1 Gjeldande plan.....	8
3.2 Lokal status og utfordringar for klimaplanarbeidet i Vik kommune .....	8
3.3 Klimamål for Vik kommune og strategiar for å nå desse.....	10
4 Ny klimaplan for Vik kommune – planomfang og innhald .....	11
4.1 Avgrensingar og avklaringar .....	13
4.2 Ny klimaplan for Vik kommune .....	14
4.3 Organisering og planprosess .....	14
4.4 Medverknad .....	15
4.5 Utgreiingsbehov.....	16
4.6 Kunnskapsgrunnlaget for klimaplanen .....	17
5 Framdriftsplan .....	18
6 Kjelder .....	18

## 1 Innleiing

Dei menneskeskapte klimaendringane er ei av dei største utfordringane globalt og verkar inn på alle delar av samfunnet. Det er både naudsynt og forventat at Vik kommune bidreg til å nå både dei nasjonale klimamål Norge har plikta seg til, i internasjonale avtaler og klimamåla som Vestland fylke har sett seg.

Konsekvensane til klimaendringane vil også råke innbyggjarane i Vik kommune. Døme på utfordringar er havnivåstigning, ekstremvær, flaum og tørke. Difor er det viktig at også vi i Vik kommune reduserer direkte utslepp av klimagassar og endrar vanane våre som fører til indirekte klimagassutslepp både her hjå oss andre plassar i Norge og verda. Målet er å unngå dei mest dramatiske konsekvensane av klimaendringane. På same tid må vi tilpasse oss endringane som alt er eit faktum eller sikkert vil komme.

For å nå desse måla må Vik bli ein berekraftig kommune. Vi må gjennomføre det grønne skiftet. I dette ligg det også eit stort potensial for verdiskaping, næringsutvikling og betre folkehelse.

### 1.1 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å lage ein ny klimaplan for Vik kommune for perioden 2023 til 2030. Planen skal skildre dei sentrale klimautfordringane i kommunen i åra framover og vere eit strategisk styringsdokument. Planarbeidet og oppfølging av planen skal resultere i at Vik kommune får lågare utslepp av klimagassar og redusert energibruk. Planen skal gjere synleg korleis Vik kommune skal bidra til å fylgje opp Norge sine forpliktingar i Paris-avtalen og FN sitt berekraftsmål nr. 13 «stoppe klimaendringane», samt dei nasjonale og regionale klimamåla. Planen skal vise Vik kommune sin utsleppsstatus i dag, samt kommunen sine mål og strategiar for å redusere utsleppa. Det skal setjast konkrete mål for utsleppsreduksjon.

Klimaplanen skal også seie noko om kommunen si rolle som t.d. styresmakt, arealforvaltar, samfunnsutviklar, tenesteytar, innkjøper og eigedomsforvaltar. Vik kommune bør som verksemd gå fram med godt eksempel gjennom reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp og meir effektiv energibruk.

Planen skal syte for at klimaarbeidet får stor fokus både internt i kommuneadministrasjonen, i det politiske miljøet og blant innbyggjarane i kommunen. Planen skal vere rettleiande for kommunen sin klimapolitikk, samt for mål og strategiar knytt til m. a. klimagassutslepp, klimatilpassing og energiforbruk.

Klimaplanen skal ha ein handlingsdel med tiltak. For å sikre at handlingsdelen blir rullert årleg, skal det utarbeidast eit klimabudsjett for kommunen i si heile geografiske utstrekning. Det eksisterande klimabudsjettet avgrensa til kommunen som verksemd skal vidareførast og utviklast. Klimabudsjettet skal vere handlingsdelen for klimaplanen. I klimabudsjettet skal det vere årlege tiltak knytt mot klimamåla og med tydeleg ansvarsfordeling. Tiltaka skal så langt mogleg effektbereknast. Tiltaka i klimaplanen skal ikkje ha stor negativ verknad på dei andre berekraftsmåla.

Planprogrammet skal i fylgje plan og bygningslova § 4-1 «...Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger...».

## 2 Rammer for arbeidet

### 2.1 Internasjonale føringar

Det er ei rekke internasjonale føringar og avtaler som ligg i botnen av klimaarbeidet i Norge, og også for arbeidet med Vik kommune sin klimaplan.

#### FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Det er 17 mål og 169 delmål som blei laga på ein demokratisk måte. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Dei set miljø, økonomi og sosial utvikling i samheng. Nesten alle 17 mål kan knytast direkte opp mot klimaarbeidet.

#### Hovudrapportane frå FN sitt klimapanel (IPCC)

*De forente nasjoner* (FN) sitt klimapanel blei etablert i 1988 av WMO (World meteorological organisation) og FN sitt miljøprogram (UNEP). Rapportane frå klimapanelet er det viktigaste faglege grunnlaget om klimaendringane for dei internasjonale klimaforhandlingane i regi av FN. Rapportane skal vere politisk nøytrale, men relevante for politikkutforming. I 2021 og 2022 publiserer klimapanelet sin sjette hovudrapport. Over 700 ekspertar frå 90 land deltek i arbeidet med rapporten, 19 av desse er frå Norge. Det er miljødirektoratet som koordinerer dei norske prosessane knytt til klimapanelet sitt arbeid med rapportane. Den 9. august 2021 presenterte klimapanelet delrapport 1 om fysiske klimaendringar og det naturvitskaplege grunnlaget. Delrapport 2 om verknader, klimatilpassing og sårbarheit blei publisert 28. februar 2022. Delrapport 3 kom 4. april 2022 og dreier seg om utsleppsreduksjon, opptak og verkemidlar.

#### Paris-avtalen

Paris-avtalen er ein internasjonal avtale som skal syte for at alle land i verda klarer å avgrense klimaendringane. Avtalen blei ratifisert i Norge i 2016. I avtalen plikta landa seg til å kutte utslepp av klimagassar. Det er forventa at dei rike landa skal gjere mest. Alle land skal ha eit mål om kor mykje landet skal kutte, og ein plan for korleis dette skal gjerast. Målet skal fornyast kvart femte år frå 2020, og for kvar gong skal målet bli meir ambisiøst. Alle land skal rapportere korleis det går med utsleppskutta kvart femte år, frå og med 2023. Landa er einige om at den globale gjennomsnittstemperaturen innan dette hundreåret ikkje må stige meir enn 2 grader, helst ikkje meir enn 1,5 grader. Landa skal nå toppen av klimagassutsleppet så fort som mogleg og etterpå jamt redusere. Seinast i andre delen av hundreåret skal alle land vere klimanøytrale. Klimanøytralitet tyder at ein ikkje sleppar ut meir klimagass i atmosfæren enn ein klarer å fange opp eller fjerne. Rike land skal i tillegg bidra med pengar til å hjelpe fattige land med å kutte utsleppa og tilpasse seg klimaendringane. Alle land skal lage nasjonale planar for klimatilpassing og bli betre til å samarbeide og dele på kunnskap og erfaringar.

Parisavtalen blei ferdigstilt på COP26 (Conference of the Parties) i Glasgow 31. oktober til 12. november 2021. Fleire land har justert sine utsleppsmål. Norge har ikkje auka sine forpliktingar på utsleppskutt. Ein styrer no mot målet om 1,8 grader oppvarming, framføre temperaturauka på 2,7 grader som truleg kom til å skje jf. avtalane frå før COP26.

Landa blei også samde om å kutte utslepp raskare. Det har blitt ein felles avtale om kjøp av kvotar, og truleg vil dette gagne norske bedrifter som har låg- eller nullutsleppsproduksjon/-produkt.

## 2.2 Nasjonale føringer

**Klimaplan for 2021-2030 (St. melding 13 2020/2021)** er Norge sin heilskaplege plan for å nå klimamålet som vi har sett oss under Paris-avtalen. Det er ein plan for omstilling av heile samfunnet fram mot 2030. På same tid skal det skapast «grøn vekst». Hovudvekta i planen ligg på ikkje-kvotepliktige utslepp frå transport, avfall, jordbruk, bygg og delar av utsleppa frå industri samt olje- og gassverksemd. Planen tek også føre seg CO<sub>2</sub>-opptak og klimagassutslepp frå skog og arealbruk. Klimaplanen bygger på avgift på klimagassutslepp, reguleringar, klimakrav i offentlege innkjøp, informasjon om klimavenlege val, økonomisk støtte til ny teknologi og ei satsing på forskning og innovasjon som hovudverkemiddel.

Norge har meldt inn eit klimamål under Paris-avtalen om utsleppskutt på 50-55 prosent innan 2030, mens det langsiktige målet er 90-95 prosent innan 2050. Målet er at Norge blir eit lågutsleppssamfunn i 2050. Det er inngått avtale om å samarbeide med EU for å oppfylle måla, også for utslepp utanfor kvotesystemet.

**Klimakur 2030 (M-1625/2020)** er ein rapport som analyserer potensialet for å redusere Norge sine ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar. Oppdraget var å finne fram til tiltak som kan kutte dette utsleppet med 50 % innan 2030, samanlikna med utsleppet i 2005, samt å vurdere barrierar og moglege verkemiddel som kan utløyse dei aktuelle tiltaka.

**Landbrukets klimaplan 2021-2030.** Den 21. juni 2019 inngjekk Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag ei avtale med regjeringa om å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon frå jordbruket i perioden 2021-2030. I avtalen pliktar partane seg til å bidra til ei samla klimagassreduksjon på 5 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i perioden. Avtalepartane har sett dei fire hovudmåla for jordbrukspolitikken som ei overordna ramme for klimaavtalen: mattryggleik og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og eit berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

**«Mål med mening» (St.melding 40 2020/2021)** er Norge sin nasjonal handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030. Dei 17 berekraftsmåla til FN handlar om korleis vi vil ha det i framtida. Dei skal danne grunnlaget for all samfunns- og arealplanlegging på veg mot lågutsleppssamfunnet. Fleire av måla er allereie oppfylte i Norge. Likevel er det att mykje arbeid hjå oss også, t.d. å nå mål 11 «berekraftige byar og lokalsamfunn», mål 12 «ansvarleg forbruk og produksjon» og ikkje minst mål 13 «stoppe klimaendringane». Eit av dei viktigaste berekraftsmål er mål 17: Samarbeid for å nå måla. Norge rapporterer til FN om korleis vi jobbar med berekraftsmåla og kor langt vi er komne.

**Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023** blei vedteke ved kongeleg resolusjon 14.5.2019. Desse skal fylgjast opp med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane. I forventningane legg regjeringa vekt på fire store utfordringar: Å skape eit berekraftig velferdssamfunn, å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom m. a. ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning, å skape eit sosialt berekraftig samfunn og å skape eit trygt samfunn for alle.

Dei regionale og lokale styresmakta har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Dette gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane. Det er difor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for all samfunns- og arealplanlegging.

**Nasjonale mål for vann og helse** blei vedtekte av regjeringa 22.5.2014. Måla er knytt til den internasjonale avtalen «Protocol on Water and Health» av 1999, som Norge har ratifisert. Protokollen har som mål å oppnå tilstrekkeleg forsyning med reint drikkevatt og tilfredsstillande sanitærforhold for alle, samt effektiv vern av drikkevasskjelder. Gjennomføring av protokollen krev at partane set seg mål for å ivareta føremåla. I dei nasjonale måla er tilpassing til klimaendringane omtalt. Større avrenning, flaumar og kortare periodar med is på vatn er døme på faktorar som kan føre til auka fare for ureining av drikkevasskjeldene og nye utfordringar for vassverk.

**Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing** blei sett fast ved kongeleg resolusjon 28.9.2018. Retningslinjene går ut på at kommunane, fylkeskommunane og staten gjennom planlegging og anna forvaltning/andre oppgåver skal stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvenleg energiomlegging. Planlegging skal også bidra til at samfunnet blir betre tilpassa klimaendringane (klimatilpassing).

### 2.3 Regionale føringar

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024** er den regionale planstrategien som set strategisk retning for utviklinga i fylket. Utviklingsplanen er basert på FN sine berekraftsmål. I forordet står det: «Berekraftmåla set berekraftig utvikling i system, og vert soleis eit verktøy vi kan bruke for å setje enkeltsaker inn i ein større samanheng. For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå. For at vi skal lukkast med oppfølginga av planen, må innsatsen vere tufta på samspel og samarbeid. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling.»

Det er formulert fire hovudmål i utviklingsplanen. Mål nummer to er «Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling». Strategiane knytt til dette målet er:

1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030,
2. Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar,
3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentleg innkjøp.

Vestland fylkeskommunen har starta arbeidet med **Regional plan for klima 2022-2035**. Planen skal vere grunnlag for klimaomstilling i Vestland fylke for å nå målet om eit samfunn med netto nullutslepp. Dette inneber ei brei samfunnsendring, der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til klimaet i dag og i framtida, og tek i vare naturmangfaldet. Viktige tema i planen vil vere: Redusere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030, redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet, trygt og robust Vestland, sikre naturmangfald, klimarettferd og folkehelse.

Statsforvaltaren i Vestland sendte i august 2021 **Forventningar til kommunal klima- og energiplanlegging** til alle kommunar i Vestland. I brevet blir det presisert at «... Kommunal planlegging skal medverke til å redusere klimagassutslepp. Planlegging skal også føre til at lokalsamfunna er førebudde og tilpassa klimaendringane. Berekraftmåla og omstilling til eit lågutsleppssamfunn skal vere hovudsporet for å løyse dei største nasjonale og globale utfordringane i vår tid.»

Statsforvaltaren peikar dessutan på at klimaomstilling krev klimaleiing og politisk forankring, at kommunane må setje ambisiøse klimamål og at kommunane må utvikle klimarekneskap og klimabudsjett, som koplast til kommunen sitt vanleg budsjett. Handlingsprogrammet for klimaplanen må også koplast til kommunebudsjettet. Statsforvaltaren minner også om at arealforvaltning er

sentralt for å nå klimamåla, at konkrete klimatiltak i jord- og skogbruk er viktige, at klimatilpassing må omfatte alle relevante sektorar og at god folkehelse heng saman med innsatsen på klimaområdet.

#### 2.4 Kommunale føringar

**Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2024** har få føringar retta mot klimaarbeid og berekraft. Under «status og utfordringar» er klima og miljø nemnd, men mest med tanke på naturfare og at klimaendringane vil forsterke desse. I kap. 10 «bruk og vern av natur og kulturmiljø» er naturmangfald, jordvern, fornybar energi og klima omtalte tema. Det blir vist til kommunedelplan for klima og energi 2011-2015 og oppfylging av denne.

**Planstrategi for Vik kommune 2020-2023** nemner m. a. «samfunnstryggleik, klima og miljø» og «folkehelse» som utfordringar i kommunen og peika på at berekraftsmåla må inn i kommunal planlegging. Den slår fast at kommunedelplanen for klima og energi er delvis utdatert, og at planen bør reviderast i 2021/2022.

### 3 Status og mål for klimaarbeidet i Vik kommune

Norge er blant landa i verda som sleppar ut mest klimagassar per innbyggjar. Det er vi kommunar som representerer grasrota. Utan at vi også jobbar for dei felles måla på internasjonalt, nasjonalt og regionalt nivå, vil ikkje desse kunne bli nådde.

#### 3.1 Gjeldande plan

Vik kommune sin gjeldande kommunedelplan for energi og klima 2011-2015 hadde energibruk, utslepp, klimatilpassing og lokal energiproduksjon som fokusområde. Måla for energibruk og utslepp var avgrensa på Vik kommune som verksemd. Kor vidt tiltaka i planen blei fylgde opp, er ikkje blitt kontrollert, og effekten av tiltaka kan vere vanskeleg å måle.


#### 3.2 Lokal status og utfordringar for klimaplanarbeidet i Vik kommune

Miljødirektoratet har utarbeidd ein klimastatistikk på kommunenivå<sup>1</sup>. Statistikken er delt på ni ulike sektorar (seks av desse er aktuelle for Vik kommune) og viser kommunen sine **direkte klimagassutslepp** i tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar<sup>2</sup>. Direkte utslepp er dei som fysisk finn stad innanfor kommunen sine grenser. Dei nyaste utsleppstal er frå 2020. Sektorane som står for mest utslepp er jordbruk, sjøfart og vegtrafikk. Året 2020 var fyrste «korona-år». Dette resulterte pga. mindre trafikk og aktivitet i ei utsleppsreduksjon i fleire sektorar. Tala for 2020 er truleg ikkje representative, og det er difor teke med tala frå 2019 også.

	2019	2020
Jordbruk	9514	8986
Sjøfart	8185	2999
Vegtrafikk	4830	4568
Anna mobil forbrenning	1446	1085
Avfall og avløp	468	459
Oppvarming	342	361

**Sektorfordelte utslepp per år Vik**

Kilde: Miljødirektoratet



<sup>1</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/klimagassutslipp-kommuner>

<sup>2</sup> Utsleppsrekneskapet til miljødirektoratet viser direkte utslepp av dei tre klimagassane karbondioksid (CO<sub>2</sub>), metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O)



Det totale direkte utslippet av CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i Vik kommune var i 2019 på 27.874 tonn og i 2020 på 18457 tonn. Frå 2019 til 2020 gjekk kommunen sine direkte klimagassutslipp ned med om lag 25 %, noko som i hovudsak skuldast nedgang i tal anløp cruiseskip i Vik. Dette gjorde at vegtrafikk i 2020 blei andre største utslppssektor, og sjøfart no er den tredje største. Cruiseskipanløp i Vik fører også til indirekte klimagassutslipp i nabokommunane Voss og Aurland, t. d. gjennom busstrafikk på utflukter.

Utfordringane ved å på sikt redusere dei direkte klimagassutslipp vesentleg kan t. d. vere knytt til utvikling i cruiseanløp, utvikling i landbruksnæringa, gjennomgangstrafikken på Rv 13 og dei relativt store avstandane i kommunen (ca. 70 km frå Arnafjord til Simlenes i Fresvik).

Miljødirektoratet har eige statistikk for direkte utslipp og opptak frå skog og arealbruk i kommunane<sup>3</sup>. Den er tenkt som kunnskapsgrunnlag for å redusere utslipp og auke opptak av klimagassar frå arealbruk og arealbruksendringar. Dei nyaste tal er frå 2015. Statistikken blir oppdatert kvart femte år.

Arealbrukskategori	2010	2015
Skog	-69743	-50827
Dyrka mark	-817	-978
Beite	-199	832
Vatn og myr	-380	-410
Utbygd areal	-220	-511
Anna utmark	-4435	-6652
<b>Netto opptak</b>	<b>-75794</b>	<b>-58546</b>
Utslipp og opptak fra skog og arealbruk i Vik kommune		
Oversikt netto utslipp opptak (tonn CO <sub>2</sub> -ekvivalenter)		
Negative tal tyder opptak av klimagassar, positive tal tyder utslipp		
Kjelde: Miljødirektoratet		

På grunn av skogen sitt høge CO<sub>2</sub>-opptak i kommunen, er det per 2015 eit netto opptak av CO<sub>2</sub>-ekvivalenter på 58.546 tonn frå arealbruk og arealbruksendringar. Men skogen sitt CO<sub>2</sub>-opptak har gått ned 23 % frå 2010 til 2015. Også opptaket på beitearealet har minka, og i 2015 er utslipp av klimagassar her blitt større enn opptaket.


Vik kommune har i 2021 og i delar av 2022 vore med i «Folkets fotavtrykk»<sup>4</sup>, ein kartbasert nettportal som har som mål å gje kommunar og fylkeskommunar oversikt over klimafotavtrykket til sine innbyggjarar, og dermed gje ein peikepinn for dei **indirekte klimagassutslippa**.

Indirekte utslipp er utslipp knytt til varer og tenester som blir importert til kommunen som geografisk område. Statistikken i «Folkets fotavtrykk» (sjå figuren til høgre) viser dei indirekte utslipp i tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter per innbyggjar, delt i fem område: Varer & teneste, energi, mat, transport og offentlege utslipp.

Dei offentlege utslipp står for ulike teneste for innbyggjarane, t.d. vegprosjekt eller vedlikehald av offentlege bygg. I området «varer og tenester», som handlar om personleg forbruk, ligg utslippstalet litt under landsgjennomsnittet, mens den på «energi» ligg tydeleg over. Gjennomsnittet i Vik kommune er på årleg 12,4 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter per person. Det finst også ei utrekning per grunnkrets. Det totale

Årlig fotavtrykk for en gjennomsnittlig innbygger i det valgte området:

**12,4 tonn CO<sub>2</sub>e**



<sup>3</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/klimagassutslipp-arealbruk-kommuner/?area=692&sector=-3>

<sup>4</sup> <https://app.folketsfotavtrykk.eco/>

fotavtrykket, dvs. summen av dei forbruksbaserte utsleppa til innbyggerane i Vik kommune er rekna ut til å vere på årleg 31.657 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Utsleppstala i «Folkets fotavtrykk» vil endre seg etter kvart som tiltak blir gjennomført og også pga. datagrunnlaget som betrar seg fortløpande.

Hovudutfordringa ved å redusere dei indirekte klimagassutslepp er truleg å få innbyggerane i kommunen med på å endre vanane knytt til forbruk og livsstil, t. d. knytt til mat, bustad, bil m.m. Ei anna utfordring er at Vik kommune, som resultat av mange år med innsparingar etter Terra-perioden, framleis har eit relativt stort etterslep ved vedlikehald av offentlege bygg. Det finst t. d. mange eldre bygg som er dårleg isolerte.

Sidan tala frå dei nemnde statistikkane ikkje refererer til same åra, er det vanskeleg å seie noko konkret om den samla situasjonen i kommunen i dag. Men det er svært truleg at klimagassutsleppet totalt framleis er større enn opptaket.

### 3.3 Klimamål for Vik kommune og strategiar for å nå desse

Klimamål kan formulerast på fleire måtar. Døme er mål om reduksjon av direkte klimagassutslepp i prosent, samanlikna med eit referanseår, eller mål om nullutslepp innan eit visst år.

Vik kommune har ambisjon om å vedta ambisiøse klimamål, både for kommunen som geografisk område og for kommunen som verksemd. Desse skal vere i tråd med både dei nasjonale klimamål og dei til Vestland fylke. Korleis Vik kommunen konkret formulerer eitt eller fleire klimamål vil vere del av den vidare planprosessen. Kommunen bør også ta stilling til kva utfordringar knytt til utsleppsreduksjon som kan løysast lokalt og kva utfordringar som må løysast regionalt eller nasjonalt.

Det er svært mange klimatiltak som kommunane må gjennomføre i åra som kjem. Det er urealistisk at Vik kommune med sin per i dag disponibel arbeidskapasitet får jobbe med alle tiltak på same tid. Det bør difor i klimaplanen takast strategiske val, t. d. kva sektorar og type utslepp som bør prioriterast. Det vil også vere viktig med arealstrategiar og prinsipp som kan gjere kommunen meir robust med omsyn på dei venta klimaendringane. Her vil det vere ei tett kopling mellom klimaplanen og kommuneplanen.

Døme på spørsmålet vi bør stille oss er:

Er det best å i fyrste omgang rette tiltak i hovudsak mot kjeldene for direkte klimagassutslepp?

Eller bør tiltak for å redusere indirekte klimagassutslepp prioriterast, som i fylgje statistikkane i dag er tydeleg større enn dei direkte utslepp?

Tida renn frå oss. Bør ein prioritere dei tiltak som er raskast å gjennomføre, uavhengig av sektor eller type utslepp?

Bør tiltak som fører til auka klimagassopptak prioriterast?

Eller er det best å fokusere på klimatilpassing og det å ta vare på viktige naturtypar og naturmangfaldet, med tanke på sikkerheit og folkehelse?

## 4 Ny klimaplan for Vik kommune – planomfang og innhald

I den kongelige resolusjonen av 14. mai 2019 *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023* er det lagt inn ei forventning om at FN sine berekraftsmål skal leggjast til grunn i planlegginga.

For klimaplanen er berekraftsmåla nr. 13 og 17 sentrale: «stoppe klimaendringane» og «samarbeid for å nå måla». I frå delmåla til mål 13 er desse to mest relevante:

13.1) Styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farar og naturkatastrofar...

13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrkje utdanninga og bevisstgjeringa om dette

Mål nr. 13 «stoppe klimaendringane» ligg heilt i botnen av beremålspyramiden som delar måla inn i økologisk (klima og miljø), sosial og økonomisk berekraft. Klima og miljø dannar såleis grunnlaget for dei andre berekraftsmåla.

Mål nr. 17 «samarbeid for å nå måla» er på toppen av pyramiden og kan tolkast som føresetnad for å lukkast med alle dei andre berekraftsmål.



I Vik kommune sin klimaplan vil også desse berekraftsmåla spele inn:

Målnr. og mål	Mest relevante delmål
2 - utrydde svolt	2.4) Innan 2030 sikre at det finst berekraftige system for matproduksjon, og innføre robuste metodar som gjev auka produktivitet og produksjon, som bidreg til å halde oppe økosystema, som styrkjer evna til å tilpasse seg til klimaendringar, ekstremvær, tørke, flaumar og andre katastrofar...
4 - god utdanning	4.7) Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling...
7 - rein energi til alle	7.1) Innan 2030 sikre allmenn tilgang til pålitelege og moderne energitenester til ein overkomeleg pris 7.3) Innan 2030 få forbetringa av energieffektivitet...
11 - berekraftige byer og samfunn	11.2) Innan 2030 sørgje for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å leggje til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre 11.4) Styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven 11.6) Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggjar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi 11.7) Innan 2030 sørgje for at alle... har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom
12 - ansvarleg forbruk og produksjon	12.2) Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar 12.3) Innan 2030 halvere matsvinn per innbyggjar 12.5) Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk 12.8) Innan 2030 sikre at alle menneske i heile verda har relevant informasjon om og forståing av berekraftig utvikling og eit levesett som er i harmoni med naturen 12.b) Utvikle og innføre metodar for å måle effekten av berekraftig reiseliv som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt
15 - livet på land	15.1) ...bevare og gå tilbake til berekraftig bruk av ferskvassbaserte økosystem og tenester som nyttar seg av desse økosystema, på land og i innlandsområde, særleg skogar, våtmarker, fjell og tørre område, i samsvar med forpliktingar etter internasjonale avtalar 15.2) ...fremje innføringa av ei berekraftig forvaltning av all slags skog, stanse avskoging, byggje opp att forringa skogar og i vesentleg grad auke atterreisning og nyplanting av skog... 15.8) Innan 2020 innføre tiltak for å unngå innføring og spreiding av framande artar og for å redusere påverknaden frå framande artar på land- og vassbaserte økosystem i vesentleg grad, og dessutan kontrollere eller utrydde prioriterte framande artar 15.9) integrere verdien av økosystem og biologisk mangfald i ... lokale planleggingsprosessar 15.4) Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli betre i stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling 15.5) Setje i verk omgåande og omfattande tiltak for å redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald

#### 4.1 Avgrensingar og avklaringar

Vik kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen er frå 2013 og er per i dag planlagt revidert i inneverande kommunestyreperiode. Den reviderte samfunnsdelen vil også bli basert på FN sine berekraftsmål. På grunn av den store verknaden klimaendringane har på samfunnet er det venta at det i framtida til ein viss grad kan bli tematiske overlappingar mellom klimaplanen og samfunnsdelen. Klimaplanen vil såleis vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for samfunnsdelen, men også for andre dokument eller planar, slik som kommunen sin overordna ROS-analyse, kommuneplanen sin arealdel og strategisk næringsplan.

Arealforvaltning er sentralt i arbeidet med å nå dei nasjonale klimamål. Ivaretaking av viktige naturområde og artar heng tett saman med utsleppsmål og klimatilpassing. Det er spesielt viktig å ta vare på karbonrike areal. Det finst allereie ein god del kunnskap om naturareal i kommunen. Men for å komme fram til eigna klimatiltak knytt til arealforvaltning må kommunen skaffe seg eit meir systematisk oversyn over kommunen sine arealtypar.

Når det gjeld moglege tiltak for utsleppsreduksjon, vil mange av desse også vere tiltak for betre folkehelse og bevaring av naturmangfald. Sidan kommunen ikkje har eigne planar for desse to tema, sett bort frå ei folkehelseoversikt, vil det vere viktig å vise samanhengen mellom klimaendringane, folkehelse og naturmangfaldet i klimaplanen.

Energiforsyning, energiforbruk og energieffektivisering vil også vere tema i klimaplanen, både i offentleg og privat sektor.

Klimaplanen kjem til å fokusere på berekraftsmåla 13 og 17 dvs. det å stoppe klimaendringane og samarbeid for å nå måla. Men sidan alle berekraftsmål heng saman, må det også jobbast meir systematisk og med andre berekraftsmål når desse spelar inn.

I dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging står det i kapittel 3.1 kva planar som handlar om klima- og energispørsmål minst bør innehalde:

- Informasjon om klimagassutslepp i kommunen , fordelt på kjelder og sektorar
- Informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan kommunen sine grenser, og som viser tilgang på miljøvennlege energiressursar
- Framskrivning av utslepp i kommunen med framlegg til tiltak
- Ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar
- Ambisiøse mål for meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i kommunal bygningsmasse og i kommunen elles
- Tiltak og verkemiddel for reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging
- Utgreiing av verkemiddel som me kan tenkja å nytta for å nå målsettingane
- Handlingsprogram med tydeleg ansvarsfordeling for oppfylging av klima og energiplanen

## 4.2 Ny klimaplan for Vik kommune

Måten Vik kommune vil bidra til å oppfylle regionale og nasjonale klimamål skal avklarast gjennom arbeidet med den nye klimaplanen. Det vil bli vurdert mange ulike typar tiltak som kan føre til redusert utslepp av klimagassar og redusert energibruk, t. d. innan bygg og anlegg, arealbruk og transport.

Det vil også bli vurdert tiltak som legg til rette for betre ressursutnytting og forbruksmønster lokalt, noko som påverkar klimagassutslepp andre stadar i Norge og verden. Det kan t.d. vere tiltak innan energiproduksjon, kunnskapsformidling, utdanning, innkjøp, forbruk, gjenvinning og avfall. Det grøne skiftet og korleis Vik kommune kan klare å gjennomføre skiftet i eige verksemd og legge til rette for grøn næringsutvikling i kommunen elles, vil også vere viktige.

Klimatilpassing og klimarisiko er viktige tema for planen. Den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel (IPCC) slår fast at ekstreme hendingar globalt har blitt vanlegare og meir alvorlege og at det er ein direkte samanheng med klimaendringane. I Norge blir klimaet generelt varmare og våtare, det blir lengre somrar og kortare vintrar. Vi vil oppleve m. a. fleire og meir intense heitebylgjer, kraftigare og hyppigare nedbørhendingar og flaumar samt ei auke i tørke og skogbrannfare. Sannsynet for desse aukar med auka klimagassutslepp og høgare oppvarming<sup>5</sup>. Klimatilpassing må skje i dei fleste sektorar. Døme er samfunnssikkerheit og beredskap, helse, bygg og anlegg, infrastruktur og samferdsel, landbruk og skogbruk (vernskog), vatn og avløp samt i næringslivet<sup>6</sup>. Regjeringa varsla den 24.2.2022 om at det vil bli utarbeidd ein ny strategi for klimatilpassing i form av ei stortingsmelding. I planlegginga framover må kommunen også vurdere klimarisiko knytt til påverknad på natur, næringsliv og samfunn i brei tyding.

Klimaplanen skal utformast slik at den er lett og lese og enkel å forstå. Klimaarbeidet skal utviklast systematisk i tida framover. Kommunen bør vurdere å slutte seg til eit permanent klimanettverk.

## 4.3 Organisering og planprosess

I fylgje kommunen sin vedteken planstrategi skal klimaplanen vere ein kommunedelplan, dvs. at prosessreglane i plan og bygningslova § 11 må fylgjast. Både planprogrammet og sjølve klimaplanen blir lagde ut på høyring i minst 6 veker. Planen skal forankrast godt i heile organisasjonen, politisk og administrativt. Det er ynskjeleg med ein tett dialog med næringslivet i kommunen.

Arbeidet med klimaplanen blir organisert som prosjekt, med rådmannen som prosjekteigar. Formannskapet fungerer som styringsgruppe. Det er danna ei administrativ prosjektgruppe på fire personar som jobbar med planen. Sekretær for arbeidsgruppa og prosjektleiar er klimakontakten i kommunen, som høyrer til avdeling for plan og forvaltning. Arbeidsgruppa består av rådmannen, landbrukssjefen og kommunalsjefen for tekniske tenester. Det vil bli oppretta ei referansegruppe

<sup>5</sup> Kjelde: Miljødirektoratet <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/arrangementer/2021/september-2021/fns-nye-klimarapport--enkelt-forklart/>

<sup>6</sup> Sjå også: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/for-myndigheter/klimatilpassing/klimatilpassing-i-sektorer/>

med personar frå ulike einingar i kommunen som kan støtte prosjektgruppa ved behov. Styringsgruppa vil med jamne mellomrom bli informert om planarbeidet.

Kommunen vil basere planprosessen på miljødirektoratet sine rettleiande digitale verktøy<sup>7</sup>.

#### 4.4 Medverknad

På grunn av den store påverknaden som klimaendringane har på kommunen si framtid og for livet til innbyggjarane, er medverknad ein nøkkelfaktor i arbeidet med klimaplanen. Det er difor eit mål å inkludere heile lokalsamfunnet gjennom medverknadsprosessen, spesielt barn og unge. Det er viktig å skape arenaer der born og unge kan gi innspel på deira premiss. Medverknadsprosessen skal starte med innbyggjarane og næringslivet, så inkludere det politiske miljøet og til slutt inkludere administrasjonen internt.

I Vik kommune står jordbruket for store delar av dei direkte klimagassutslepp, og høyrer også til sektorane som blir mest påverka av klimaendringane. Det er difor ekstra viktig å få landbruksnæringa med i prosessen. Landbruket er dessutan den einaste sektoren som også kan ta opp og lagre karbon på ein naturleg måte. For å nå flest mogleg innbyggjarar er det viktig å samarbeide med lag- og organisasjonar, inkludert ungdomsrådet og eldrerådet, t.d. i samband med klimarelaterte arrangement. Det er også aktuelt å samarbeide direkte med skulane og barnehagane, t.d. i form av skulebesøk og prosjektarbeid. Gjennom høyringane vil også andre offentlege instansar, regionale interesseorganisasjonar og privatpersonar kunne gje innspel til planprosessen.

I medverknadsprosessen skal det leggjast vekt på dialog og kunnskapsutveksling. Det vil bli brukt ulike metodar for å hente inn innspel og dialog, t. d. folke- eller temamøte (om koronasituasjonen tilet det), utsending av brev, arbeidsverkstad og det vil bli tilrettelagt for digitale løysingar der det er føremålstenleg. Kommunen har oppretta nye nettsider om klima og klimaarbeidet og kjem til å utvikle desse vidare idet arbeidet går fram. På Vik folkebibliotek blir det oppretta ein møteplass («klimakroken») der alle har høve til å informere seg om klima og klimaarbeidet, m.a. ved hjelp av ein offentleg PC-stasjon og aktuelle oppslag på utstillingsveggar.

Det er viktig at heile kommuneorganisasjonen får eigarskap til klimaplanen og at den blir godt forankra i heile organisasjonen. Leiargruppa og tenesteleiarsamlingar kjem til å vere viktige møtepunkt for oppfølging av klimaarbeidet.

---

<sup>7</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/> og <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/for-myndigheter/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energiplanlegging/>

#### 4.5 Utgreiingsbehov

Det er allerede lagt eit grunnlag for klimaplanarbeidet i kommunen. Vik kommune har laga sitt fyrste klimabudsjett for 2022, avgrensa til direkte utslepp og til kommunen som verksemd. Kommunen v/prosjektgruppa deltek i klimanettverket i regi av Vestland fylkeskommune som gjev tilgang til oppdatert kunnskap og høve til erfaringsutveksling med andre kommunar. Gjennom klimanettverket har Vik kommune fått tilgang til ei referansebane for kommunen sine klimagassutslepp. Det er eit verktøy for å estimere utviklinga av utsleppa framover dersom det ikkje blir gjennomført tiltak.

Ved oppstart av arbeidet med klimaplanen er det identifisert fylgjande utgreiingsbehov til vurdering (ikkje i prioritert rekkefylgje):

- Er måla frå gjeldande kommunedelplan for energi og klima nådde?
- «Omsetjing» av berekraftsmåla som er aktuelle for klimaplanen til lokale forhold
- Kva tiltak kommunen bør gjennomføre for å nå klimamåla
- Ev. meir nøyaktig utrekning av Vik kommune sitt totale klimafotavtrykk som inkluderer både direkte og indirekte klimagassutslepp
- Utarbeiding av klimagassrekneskap og -budsjett for kommunen i si geografisk utstrekning og for både direkte og indirekte utslepp
- Digital løysing for framtidig administrasjon av kommunen sitt klimabudsjett, utarbeiding av rutinar for rapportering og budsjettering (FRAMSIKT)
- Betre statistikk over forbruksbaserte klimagassutslepp, t. d. via Folkets fotavtrykk (Vik kommunen har per i dag berre tidsavgrensa tilgang til verktøyet)
- Greie ut om den aktuelle cruise-satsinga er i tråd med tiltaksbehovet for utsleppsreduksjon, også med tanke på ei klima- og miljøvenleg utvikling i verdsarvområdet med nullutslepp som mål
- Kva mål og delmål skal kommunen setje seg for reduksjon av direkte klimagassutslepp fram til 2030 og for å bidra til å oppnå internasjonale og nasjonale ambisjonar om utsleppsreduksjon
- Kartlegge konsekvensar av klimaendringane lokalt og behovet for klimatilpassing
- Det bør lagast ei konsekvenskartlegging av klimaendringane si påverknad på drikkevasskjelder, vasskvalitet og leveringstryggleik
- Kommunal arealrekneskap (konsulentoppdrag, kan søkjast tilskot til)
- Kartlegging av spesielt karbonrike areal i kommunen
- Kartlegging av «blågrøne strukturar» i samband med klimatilpassing
- Kartlegge aktuelle område med vernskog i kommunen
- Kartlegging av energisystem, -forsyning og -forbruk i kommunen
- Kartlegge flaumvassføringar med klimapåslag i elver, bekker og flaumvegar samt bekelukkingar i samband med klimatilpassing

Det vil truleg vere behov for fleire utgreiingar idet arbeidet med klimaplanen skrid fram.



#### 4.6 Kunnskapsgrunnlaget for klimaplanen

I tillegg til dokumenta som er lista opp i kap. 2 *Rammer for arbeidet* og lenkjene til nettstader som er vist til i fotnotane, vil desse dokument vere viktige kunnskapsgrunnlag for klimaplanen. Lista er ikkje uttømmmande:

- Selamawit Mamo Fufa, Cecilie Flyen, Christoffer Venås (2020): [Grønt er ikke bare en farge](#), SINTEF-rapport
- Meld. St. 16 (2019-2020): [Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold](#)
- [Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021–2030](#)
- [Kraftsystemutgreiinga for Sogn og Fjordane 2020](#)
- [Energidashbordet](#) - informasjon om energibalanse, utvikling av energiforbruk og indikatorarar til bruk i arbeidet med energiomstilling
- [Energieffektivisering og -omlegging i eksisterande bygg](#). Rettleiar miljødirektoratet
- [Plaststrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland](#). Vestland fylkeskommune 2020
- [Arealbarometer](#) – NIBIO
- [Naturbasen](#) – Miljødirektoratet. DN-håndbok 13 og 19. Naturtypelokalitetar på land, i ferskvatn og i kystnære marine område
- [Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging](#). Fastsatt ved kgl. res. av 26.09 2014, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008, § 6-2
- National transportplan (NTP) 2022-2033 [Statens vegvesen sitt svar på oppdragsbrev om miljø og klimatilpasning](#)
- [Tiltak.no](#) Tiltakskatalog for transport og miljø som summerer opp kunnskap om effektar av miljøtiltak innan transportområdet, hovudsakleg i byar og tettstadar
- [Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#). Veileder NVE 04/2022

## 5 Framdriftsplan

Framdriftsplanen er rettleiande og kan bli justert undervegs. Markeringar i grøn er prosessar og markeringar i oransje er vedtak.

**Framdrift – klimaplan Vik kommune 2023-2030** (FM= formannskapet, KS= kommunestyret)

Aktivitet	2021	2022				2023
	4. kvartal	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	1. kvartal
<b>Planprogram</b>						
Utarbeide planprogram						
Vedtak utlegging av planprogramforslag til høyring		FM				
I lag med høyring: Annonsering varsel oppstart klimaplanarbeid						
Høyringsperiode 6 veker						
Gjennomgang høyringsinnspel og revidert planprogram						
Vedtak planprogram			FM + KS			
Kunngjering av vedteken planprogram						

Aktivitet	2021	2022				2023
	4. kvartal	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	1. kvartal
<b>Klimaplan</b>						
Kunnskapsinhenting og medverknad						
Utarbeiding planforslag inkl. klimabudsjett som tiltaksplan						
Arbeids-/temamøte i kommunestyret med deltaking frå eldreråd og ungdomsråd ev. med fagleg innslag						
Vedtak utlegging av klimaplan til høyring					FM	
Høyringsperiode 6 veker						
Gjennomgang høyringsinnspel og revidert klimaplan						
Vedtak klimaplan						FM + KS
Kunngjering av vedteken plan						

## 6 Kjelder

- FN-sambandet - fn.no
- Miljødirektoratet – miljodirektoratet.no
- Klima- og miljødepartementet – regjeringa.no
- Kommuneplan for Vik kommune 2013-2014, samfunnsdel
- Kommunedelplan for klima og energi